


Protokollar

1996

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 3/6-97 kl. 17.30.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Ola Perry Saure

Hilde Tømmerbakk

Petra Humberset

Nils Ola Skuset

Kai Raaberg

Ove Lid

Kjetil Årøen

Ein starta med ein synfaring i Alida og på tomta for det nye sorteringsanlegget.

Leiar ynskte etter synfaringa velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr 09/97: Årsmelding og rekneskap 1996

Styreleiar gjekk igjennom årsmeldinga for 1996. Det vart svart på kommentarar og spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR godkjenner årsmelding og rekneskap for 1996 slik det ligg føre, med eit overskot på 400.247 kroner.

Representantskapet set av overskotet på eit disposisjonsfond. Ein vil seinare kome attende til om delar av overskotet skal nyttast til m.a.:

- finansiering av kostnader med utgreiing om bruk av tre / papiravfall til energiproduksjon
- til disponible midlar for restfinansiering av uteområde hjå Reinhaldsverket
- utgreiing om mogleg samarbeid i eit «ASVO-prosjekt»

Sak nr. 10/97: Grovavfallsdeponi, slamdeponi og uteområde VØR

Representantskapet fekk ein gjennomgang av drifta og framtidige planar på uteområda hjå VØR. Ein tok orienteringa til vitande.

Ingrun Aud Humberset.
Einar Flø

Sak nr. 11/97: Ymse

Samrøystes vedtak lyder:

1.

Representantskapet ber styret/driftsleiar ta kontakt med Enøk og Miljø, Ørsta med sikte på å få laga ei utgreiing om vilkåra for å nytte ut treavfall m.m. til energiproduksjon. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med aktuelle brukarar / leverandørar av brensel og eventuelt energiverk. Reinholdsverket vil dekke sin del av kostnadane med utgreiinga frå overskotet på 1996-rekneskapen.

2.

I samband med arbeidet med avfallsplanen ynskjer representantskapet at det vert gjort ei undersøking av forholdet mellom kostnader, gebyr og tenester i Volda Ørsta Reinholdsverk i samanlikning med tilsvarande tenester i andre reinholdsverk og kommunar. Representantskapet ynskjer at denne undersøkinga vert gjort av miljøvernleiarane i dei to kommunane.

Møtet heva kl 21.00

Ref. Kjetil Årøen

Sivaa Flø
Ingunn Aul Humbarset .

REPRESENTANTSKAPET MØTEBOK

Det vart halde møte i representantskapet onsdag 22/11-95 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset
Eldar Høydalsvik
Ingebjørg Leikanger (vara for Einar Flø)
Kai Raaberg
Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)
Bente Vatne
Hilde Tømmerbakk
Petra Humberset

Ove Lid
Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr. 15/95: Budsjett og gebyr for 1996.

Representantskapet fekk presentert møteboka frå styret. Det vart diskutert storleiken på slamgebyret. Det vart drøfta korvidt ein bør vurdere å sette gebyret for slamtøminga ned til kostpris.

Reperesentantskapet godkjende framlegget til budsjett gjorde fylgjande vedtak

Styret i VØR vedtek fylgjande gebyr for 1996, og rår representantskapet å gjere likelydande vedtak:

Hushaldningsgebyr	1230,-
Skvett`n	40,-
Grovavfall	80,-
SUM HUSHALDNINGSGEBYR:	1350,-
Gebyrreduksjon for heimkompostering	200,-
Gebyr pr. ekstra sekk, hushaldningar	27,-
Gebyr pr ekstra sekk/kolli næringar	36,-
Gebyr for næringar	1735,-
Gebyr for usortert grovavfall	200,-/m3
Gebyr for sortert grovavfall	110,-/m3
Gebyr for avfall levert på vekt	1340,-/tonn

Ivar Aarskog kom med fylgjande framlegg:

Representantskapet i VØR reduserar gebyret på konto 3050 og 3051 «slam» med 20 % slik at inntektene er meir i samsvar med utgiftene.

Det vart røysta over framlegget som fekk ei røyst (Ivar Aarskog).

Framlegget til gebyr for slamtøming vedteke mot ei røyst:

SLAM:

Gebyr for ein husstand (pr. tøming)	1200,-
Gebyr for to husstandar (pr. tøming)	1538,-
Gebyr for tre husstandar (pr. tøming)	1924,-
Gebyr pr. m3	200,-

Møtet heva kl. 19.15. Ref. Kjetil Årøen

Karbak
Hilde Tømmerbakken

REPRESENTANTSKAPET MØTEBOK

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 14/11-95 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Eldar Høydalsvik

Einar Flø

Kai Raaberg

Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)

Bente Vatne

Hilde Tømmerbakk

Petra Humberset

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr. 12/95: Presentasjon av VØR for nye medlemmer.

Einar Flø gjekk innleiingsvis gjennom vedtektene for VØR.

Ove Lid gjekk igjennom gjeldande forskrifter.

Driftsleiar orienterte kort om den daglege drifta.

Representantskapet tok orienteringa til vitande.

R-sak. nr.13/95: Konstituering av nytt representantskap.

Det var to framlegg til leiarverv: Einar Flø og Bente Vatne.

Det vart røysta skriftleg og Einar Flø fekk 7 av 8 stemmer.

Framlegg til nestleiar: Petra Humberset, samrøystes vedteke

R-sak nr. 14/95: Konstituering av nytt styre, val av leiar.

Det kom fram eitt framlegg til leiar i styret, Ove Lid.

Samrøystes vedteke.

Nestleiar: Jorunn Austreheim

Samrøystes vedteke.

R-sak nr. 15/95: Handsaming av gebyr og budsjett for 1996.

Representantskapet og styret gjekk gjennom framlegget til budsjett. Medlemmene etterlyste samanlikningstal frå tidlagare år.

Styreleiar gjekk igjennom budsjettet, men representantskapet ynskte å utsette saka og handsame budsjettet i seinare møte.

Det vart ikkje gjort vedtak for 1996 budsjettet.

R-sak nr. 16/95: Ymse

Det vart ikkje drøfta ting under ymse.

Møtet heva kl. 20.30.

Ref. Kjetil Årøen

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Kjetil Årøen". The signature is written in a cursive style with a horizontal line above the "Å" and a small mark above the "ø".

MØTEBOK REPRESENTANTSKAP I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag ~~25/6~~-96 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.
S/11

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Kai Raaberg

Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)

Johanna Sætre (for Hilde Tømmerbakk)

Petra Humberset

Bente Vatne

Ove Lid

Gunn Velle

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R- sak nr. 6/96: Justert 1996 budsjett

Representantskapet i VØR godkjenner styret sitt framlegg til justert 1996 budsjett.

R- sak nr. 7/96: Budsjett og gebyr for 1997

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR godkjenner styret sitt framlegget til budsjett og gebyr for 1997.

Framlegg til gebyrtakstar for 1997:

Hushaldning:

Hushaldningsgebyr	1230,-	
Skvett`n	40,-	(spesialavfall)
Grovavfall	80,-	
SUM HUSHALDNING	1350,-	
Reduksjon for heimekompostering	200,-	(basert på avtale med VØR)
Pris pr. kolli / ekstra sekk, husstand	27,-	

Grovavfall: (Framlegg frå adm:)

Grovavfall, usortert (pr. m3)	315,-	(285,-)
Grovavfall, sortert (pr. m3)	150,-	(185,-)

Einar Flø
Ingrun Aud Humberset

Forbruksavfall / produksjonsavfall frå næringar:

Gebyr for næringar (54 sekkar pr. år)	1750,-
Pris pr. tonn avfall levert VØR	1340,-
Pris pr. tonn isopor levert VØR	3000,-
Sorteringsgebyr pr. tonn	500,- (ved feilleveringar)
Pris pr. kolli / ekstra sekk, næring	36,-

Gebyr for avfallsdunkar (næringar):

Årsgebyr for 120 liters dunk	1750,-
Årsgebyr for 340 liters dunk	5616,-
Årsgebyr for 660 liters dunk	9360,-
Årsgebyr for 1000 liters dunk	14500,-

Slangebyr pr. toming:

(Årsgebyr:)

Gebyr for ein husstand	1200,-	(600,-)
Gebyr for to husstandar	1538,-	(769,-)
Gebyr for tre husstandar	1924,-	(962,-)
Gebyr pr. m3	200,-	(100,-)

Alle prisar er utan mva.

Representantskapet bed om at det vert lagt ved ei utgreiing som syner korleis slangebyra for 1997 er utrekna.

Representantskapet gir styret fullmakt til å fastsette gebyr for innsamling av matavfall frå storhushaldningar.

Representantskapet rår kommunestyra til å gjere likelydande vedtak.

R- sak nr. 8/96: Ymse

Samrøystes vedtak:

Representantskapet føreset at saksutgreiing som fyl budsjettet til kommunane er underskrive av styreleiar og leiar i representantskapet.

Møtet heva 21.45

Ref. Kjetil Årøen

Sivaa Flø
Ingram And fumberset.

MØTEBOK REPRESENTANTSKAP I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 25/6-96 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Kai Raaberg

Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)

Hilde Tømmerbakk

Petra Humberset

Bente Vatne

Eldar Høydalsvik

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.
Møttet kom i stand på grunn av eit ufullstendig vedtak om overskotet for 1995.

R-sak nr: 03/96: Årsmelding og rekneskap 1995

Representantskapet gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

**Representantskapet i VØR godkjenner rekneskapen og årsmeldinga for 1995 med mindre endringar.
Ein ber om at det vert lagt fram eit eige rekneskap for utvidinga av Miljøstasjonen.**

Tillegg:

Overskotet for 1995 - kr. 369.902 vert å sette av til fond for investering i anlegget for gjenbruk / grovavfallssortering.

Møtet heva 18.05.

Ref. Kjetil Årøen

Ingrun Aud Humberset
Bente Vatne

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR 1996

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 23/1-96 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Kai Raaberg

Ola Perry Saure

Bente Vatne

Hilde Tømmerbakk

Petra Humberset

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Møtet var eit fellesmøte med styret, og det var ikkje nummererte saker til handsaming.

Driftsleiar orienterte om aktiviteten i dag, og utfordringar i nær framtid. Representantane for styre og representantskapet spurde og utfylde om dei ulike aktivitetane vi har i dag.

Siste delen av møtet var meir konsentrert om dei generelle oppgåvene VØR har, og tilhøvet mellom VØR og kommunane.

Representantskapet og styret drøfta ulike punkt, og i stikkordsform kom fylgjande moment fram:

- betre kommunikkasjon til politikarar og brukarar
- informasjonsmøte i kommunestyra
- møte grendalaga
- bruke lokalpressa, med jevne «informasjonsdrypp»

Vidare så meinte både styre og representantskapet at VØR bør vere «avfallskompetansen» i kommunane på avfallssektoren. Ein må altså gjennom informasjon og aktivt arbeid mot kommunane få fram dei intensjonane kommunane har med VØR, og aller helst få desse inn i vedtektene for selskapet.

Det vart bestemt på møtet at det skal betalast ut møtegodtgjerdse for tidlegare informasjonsmøter. (Dette vert med på oppsettet for 1996).

Møtet heva kl. 20.30.

Kjetil Årøen

MØTEBOK REPRESENTANTSKAP I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 14/5-96 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Kai Raaberg

Ola Perry Saure

Hilde Tømmerbakk

Petra Humberset

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Møtet starta som eit fellesmøte med styret.

R-sak nr. 01/96: Anaerobt handsamingsanlegg.

Saka vart drøfta i gjennom på nytt, punkt for punkt. Einar Flø gjekk gjennom den anaerobe løysinga punkt for punkt, og desse vart kommentert frå ymse medlemmer. Styreleiar og driftsleiar orienterte og svarte på spørsmål.

Endeleg konklusjon av debatten vart at ein ikkje stansar saka overfor kommunane og avventar kommunane si handsaming om anlegget.

Styret vart «dimmitert» kl. 20.00

R-sak nr. 02/96: Sakshandsamingsrutiner i VØR.

Representantskapet drøfta ulike sider ved sakshandsaminga i VØR. Dette gjekk m.a.på kva som bør/skal sendast ut til medlemmene av informasjon. Ein syner ellers til saksutgreiing om vidare tema i denne saka.

Det vart ikkje gjort noko vedtak.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 26/11-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Jorunn Austrheim

Gunn Velle
Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

Sak nr. 29/96: Sorteringsanlegg for grovavfall

Styret drøfta utforming og funksjon på sorteringsanlegget, og det vart vedteke å forhøyre seg med arkitektar for alternativ utforming. Det vert sett av 15.000,- kroner til fordeling på tre arkitektar lokalt.

Det er viktig at ein gjennom desse avtalane ikkje bind seg opp i bestemte løysingar, og at ein eventuelt har høve til å forkaste alle framlegga.

Sak nr. 30/96: Godkjenning av lønsoppgjeret (Magnar Lid var ugild i denne saka).

Styreleiar Ove Lid og Geir Hole (forhandlingsutvalet) orienterte om gjennomføringa av forhandlingane med dei tilsette.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner resultatet for lønsforhandlingane for 1996.

Sak nr. 31/96: Diverse søknadar om fritak

Ingolf Nossen:

Ankar tidlegare avslag om fritak på grunnlag av eiga ordning og løyve til å brenne avfall (frå 1973)

Samrøystes vedtak:

Styret syner til at det er tvungen renovasjon i kommunen, og ein finn ikkje grunnlag for fritak for abonnenten. Anken vert å sende til Fylkesmannen som enkeltsak for prøving der.

Kåre Johan Lid:

Søker om fritak på grunnlag av at bueining nr. 2 kun er delvis nytta.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til at det er to bueiningar i bruk i huset. Ein har pr. i dag ikkje høve til å differensiere utfrå «mengde» bruk. Styret finn ikkje grunnlag for å imøtekome søknaden.

Helge Arne Ryste:

Søker om fritak på grunnlag av at hus nr. to på garden kun er delvis i bruk.

Samrøystes vedtak lyder

Styret i VØR syner til at det er to hus i bruk meir enn 6 mnd. på garden i 1996. Styret finn ikkje grunnlag for å imøtekome søknaden.

Olav B. Aarset (ny handsaming):

Søker på grunnlag av at bueining nr. to kun er delvis i bruk.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til at det er to bueiningar i bruk i huset. Ein har pr. i dag ikkje høve til å differensiere utfrå «mengde» bruk. Styret finn ikkje grunnlag for å imøtekome søknaden.

Olav O. Bratteberg:

Søker om fritak på grunnlag av at det ikkje er naudsynt med to gebyr.

Samrøystes vedtak:

Styret i VØR syner til at det er to bueiningar i bruk i huset. Styret finn ikkje grunnlag for å imøtekome søknaden.

Ove Aksnes:

Søker på grunnlag av at bueining nr. to kun er delvis i bruk.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til at det er to bueiningar i huset, og at begge vert nytta. Ein har pr. i dag ikkje høve til å differensiere utfrå «mengde» bruk. Styret finn ikkje grunnlag for å imøtekome søknaden.

Johanne Krøvel Engesath:

Søknad om fritak på grunnlag av ikkje mottekne sekkar i 1996.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til forskrift om tvungen renovasjon og at alle skal vere med. Ein vil likevel gi fritak for 1. gongs utlevering av sekkar som i dette tilfelle skulle vere i mai 1996 (nyregistrering). Dette tilseier fritak for to månader i 1996. Styret syner ellers til utsendte informasjon om registreringa og grunngevinga for denne.

Sakshandsamar: Kjetil Årøen

Sak nr 01/97: Sorteringshall og lånopptak.

Syner til tidlegare utgreiing og vedtak i sak nr 29/96. Det vart ynskt at ein fekk utarbeidd framlegg til utforming av sorteringshallen. Eg har fått inn eitt forslag som ligg vedlagt, og arbeider med to andre arkitektar for å få deira syn på dette. Eg vonar at dette kan vere klart til møtet.

Vi fekk utført eit overslag på kostnadar ved det første framlegget til løysing. Eg har vore i kontakt med konsulent om eit nytt overslag på utkastet frå Lefdal. Ein vart samde om å nytte samme m2- pris som sist, pga. at ein kan gjere forenklingar som m.a. vil redusere stålmengda monaleg. Det nye overslaget vert då inkl. investeringsavgift på 4.795.200,- kroner (arealet er auka med 297 m2). Endeleg pris får vi først etter at ein har fått inn anboda.

Foreløbig finansieringsplan vert som fylgjer (nummeret i parantesen er referanse til vedlegget om disponibel investeringskapital):

Stipulert kostnad:	4.795.200,-
Lån	2.820.000,- (ref. 18)
Lån	1.300.000,- (ref. 39)
Lån, tomtopparb.	300.000,- (ref. 41)
Overskot frå 95	369.900,- (ref. 52)
<u>DIFFERANSE (manko)</u>	<u>5.300,-</u>

Eg går utfrå at styret ikkje ynskjer endeleg handsaming av lånopptaket før ein har fått inn anbudsprisane på prosjektet.

Når det gjeld dei andre postane som var med i låneramma, så er det ynskjeleg at desse vert handsama så snart som råd. Eg har tidlegare sendt ut eit «utkast til mellombels løysing» når det gjeld sorteringa. Her har eg og med ei drøfting om rekkefylgja på investeringane. Etter mitt syn bør vi snarast ha ei beltemaskin å sortere med. Vi bør og ha ein lastar som kan handtere konteinarene. Denne lastaren kan også nyttast i slamkompostering (med spesiell vendeskuffe), og eg finn det rimeleg å nytte «slamfondet» til ei slik investering.

Forslag til finansieringsplan:

	<i>Lastar Kvern + Gravemaskin</i>	
Kostnad gravemaskin (stipulert)	853.000,-	inkl invest. avg.
Kostnad lastar (stipulert)	850.000,-	inkl.
Lån	1.000.000,-	(ref. 43)
Sal av traktor	190.000,-	
«Slamfond»	481.355,-	(ref. 50)
<u>Manko:</u>	<u>31.645,-</u>	

Når det gjeld dei andre postane i låneramma, så bør vi også få handsama desse så snart som råd. Når det gjeld papirsorteringa treng vi noko meir tid til prosjektering, men også her bør vi kome til ei ordning med det første. Eg gjer her merksam på at det i 1997 budsjettet er forutsatt at vi gjer papirleveringa meir rasjonell, og dermed sparer driftskostnader.

Tilrådinga til vedtak vert:

A:

Styret i VØR vel utkast nr. xxxx når det gjeld utforminga av sorteringsstasjonen. Ein forutset for gjennomføring av prosjektet at finansieringa vert godkjent hjå representantskapet og kommunane. Søknad om lånopptak vert sendt representantskapet så snart endeleg byggekostnad ligg føre.

B:

Styret i VØR vedtek å endre låneformålet i den nye låneramma frå «kvern» til «beltemaskin / lastar». Ein vedtek og at avsette midlar (slamfond frå 1994 pålydande 481.355,- kroner) for handsaming av slam vert nytta til lastar med blandeskuffe.

C:

Styret i VØR syner til låneramme i 1997 budsjettet og søker med dette representantskapet om å ta opp lån etter fylgjande postar:

-konteinarar:	240.000,-
-beltemaskin / lastar:	1000.000,-
-Div. teknisk utstyr:	100.000,-

Styret syner til utgreiing i budsjettpapira for 1997 og sakspapira ellers om formåla med lånopptaket.

Sak nr. 02/97: Krav om erstatning for tap av fiskegarn / bærnøt.

Vi har tidlegare handsama denne saka, men det vart ynskt meir bakgrunnstoff om kva som har skjedd. Eg har ikkje klart å rekonstruere frå våre sjåførar om kva som har skjedd, då det er ingen som kan hugse episoden. Eg har på ny snakka med Leif Opsal, og han har forklart dei heile slik:

Opsal set normalt bossekken ned til riksvegen. Han har naboar som ikkje gjer det, og dermed så køyrer vi forbi garasjen hans og opp til eit par naboar.

Sonen til Opsal hadde rydda i garasjen, og plasser nokre sekkar i garasjeopninga; dette var både merka og umerka sekkar.

VØR har då stansa ved garasjen, og teke med seg dei merka sekkane.

Opsal har som merknad her at VØR har henta sekkar på ein plass det normalt ikkje står sekkar, og at innhaldet ikkje var avfall. Han krev 1092,- kroner for å dekke tapet.

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

*Møst
På Halvegen*

Petra Setre Vartdal:

Søknad om fritak på grunnlag av ikkje mottekne sekkar i 1996.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til forskrift om tvungen renovasjon og at alle skal vere med. Ein vil likevel gi fritak for 1. gongs utlevering av sekkar som i dette tilfelle skulle vere i mai 1996 (nyregistrering). Dette tilseier fritak for to månader i 1996. Styret syner ellers til utsendte informasjon om registreringa og grunngevinga for denne.

Hildur Moe:

Søknad om fritak på grunnlag av ikkje mottekne sekkar i 1996.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR syner til forskrift om tvungen renovasjon og at alle skal vere med. Ein vil likevel gi fritak for 1. gongs utlevering av sekkar som i dette tilfelle skulle vere i mai 1996 (nyregistrering). Dette tilseier fritak for to månader i 1996. Styret syner ellers til utsendte informasjon om registreringa og grunngevinga for denne.

Kristine Klubbenes Standal:

Søker om fritak for hus nr. 2 på eigedomen med grunngeving om mangel på bad/WC (ref. § 2 i forskriftene).

Samrøystes vedtak lyder:

Styret seier seg samd med søkar om at forskriftene må tolkast slik at hus utan bad/WC ikkje kan definerast som hovedhusværer, og kjem då ikkje under tvungen renovasjon. Styret gir fritak for gebyr nr. 2.

Sak nr. 32/96: Ymse

Styret drøfta møtetidspunkt, og vart samde om å halda møta tysdagar kl. 13.00. Driftsleiar skal prøve å få ein oversikt over andre kommunale møter for å unngå kollisjonar med desse.

Møtet heva 20.15.

Ref.: Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 12/11-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Kjetil Standal (for Jorunn Austreheim)

Gunn Velle
Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

Sak nr. 27/96: Generell drøfting før lønsforhandlingane.

Fylgjande personar vart valde til forhandlingsutval for VØR:

**Ove Lid
Geir Hole**

Sak nr. 28 /96: Ymse

Styret i VØR vedtek samrøystes å tilby å dekke kostnad til julebord for tillsette med ledsager. I tillegg tilbyr ein medlemene i styret og leiar i representantskapet å ta del (også med ledsager).

Det vart drøfta om deltaking på dei ulike «arbeidsgruppene» som Fylkesmannen tek initiativ til. Styret ynskjer ein presentasjon av dei ulike «initiativa» for å vurdere nytta før VØR deltek i dei ulike arbeida.

Leiar i representantskapet refererte frå møtet i representantskapet.

Ingrid Opedal tok opp spørsmålet om framdrifta på arbeidet med avfallsplanen. Styret ynskte utspel frå Volda kommune om forslag til samanstilling av ei arbeidsgruppe som kan styre dette arbeidet.

Møtet heva kl. 19.00
Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 26/11-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Jorunn Austrheim
Geir Hole

Gunn Velle
Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

Sak nr. 29/96: Sorteringsanlegg for grovavfall

Styret drøfta utforming og funksjon på sorteringsanlegget, og det vart vedteke å forhøyre seg med arkitektar for alternativ utforming. Det vert sett av 15.000,- kroner til fordeling på tre arkitektar lokalt.

Det er viktig at ein gjennom desse avtalane ikkje bind seg opp i bestemte løysingar, og at ein eventuelt har høve til å forkaste alle framlegga.

Sak nr. 30/96: Godkjenning av lønsoppgjeret (Magnar Lid var ugild i denne saka).

Styreleiar Ove Lid og Geir Hole (forhandlingsutvalet) orienterte om gjennomføringa av forhandlingane med dei tilsette.

Samrøystes vedtak lyder:
Styret i VØR godkjenner resultatet for lønsforhandlingane for 1996.

Sak nr. 31/96: Diverse søknadar om fritak

Ingolf Nossen:

Ankar tidlegare avslag om fritak på grunnlag av eiga ordning og løyve til å brenne avfall (frå 1973)

Samrøystes vedtak:
Styret syner til at det er tvungen renovasjon i kommunen, og ein finn ikkje grunnlag for fritak for abonnenten. Anken vert å sende til Fylkesmannen som enkeltsak for prøving der.

Kåre Johan Lid:

Søkjer om fritak på grunnlag av at bueining nr. 2 kun er delvis nytta.

Framlegg til gebyrtakstar for 1997:

Hushaldning:

Hushaldningsgebyr	1230,-	
Skvett`n	40,-	(spesialavfall)
Grovavfall	80,-	
SUM HUSHALDNING	1350,-	
Reduksjon for heimekompostering	200,-	(basert på avtale med VØR)
Pris pr. kolli / ekstra sekk, husstand	27,-	

Grovavfall:

(Framlegg frå adm.):

Grovavfall, usortert (pr. m3)	315,-	(285,-)
Grovavfall, sortert (pr. m3)	150,-	(185,-)

Forbruksavfall / produksjonsavfall frå næringar:

Gebyr for næringar (54 sekkar pr. år)	1750,-	
Pris pr. tonn avfall levert VØR	1340,-	
Pris pr. tonn isopor levert VØR	3000,-	
Sorteringsgebyr pr. tonn	500,-	(ved feilleveringar)
Pris pr. kolli / ekstra sekk, næring	36,-	

Gebyr for avfallsdunkar (næringar):

Årsgebyr for 120 liters dunk	1750,-
Årsgebyr for 340 liters dunk	5616,-
Årsgebyr for 660 liters dunk	9360,-
Årsgebyr for 1000 liters dunk	14500,-

Slamgebyr pr. tøming:

(Årsgebyr:)

Gebyr for ein husstand	1200,-	(600,-)
Gebyr for to husstandar	1538,-	(769,-)
Gebyr for tre husstandar	1924,-	(962,-)
Gebyr pr. m3	200,-	(100,-)

Alle prisar er utan mva.

Styret syner til pålegg frå SFT om utsortering av matavfall frå storhushaldningane, og ber representantskapet og kommunane om fullmakt til å fastsette gebyr for innsamlige når denne ordninga trer i kraft 1. halvår 1997.

Sak nr. 24/96: Ymse.

Styreleiar orienterte om ein del skriv som er komne inn til VØR.

Det vart gjort samrøystes vedtak i fylgjande saker:

- styret godkjenner at driftsleiar tek del på KS- kurs i lønsforhandlingar 21-23/10
- styret vedtek å sende dei av styremedlemmene som har høve til å delta på «styrekurs» i KS-regi 28. og 29. november.
- styret vedtek å sende Birger Breivik på «spesialavfallskurs»
- styret vedtek å gi ein kompostbinge til inntekt for TV- aksjonen

Ymse saker vedk. erstatning / fritak:

Søknad om erstatning frå Leif Opsal pga forsvunne fiskegarn og bærnot (lagra i bossekkar).

Styret ynsker vidare utgreiing om tidspunkt og «kartlegging» av kva som har skjedd.

Søknad frå Olav B. Aarseth om fritak for eitt gebyr.

Styret gir administrasjonen fullmakt til å vurdere tidsaspektet for søknaden, og å gi Aarseth fritak dersom dette samsvarar med vanleg praksis.

Skriv frå Forbrukarkontoret vedk . klage frå Bergljot Worren om talet på hyblar.

Styret står fast på tidlegare vedtak om at gjeldande forskrifter også i spørsmålet om talet på gebyr for ein eigedom gjeld for ein hybel. Styret vedtek å sende saka over til Fylkesmannen som rette ankeorgan i enkeltsaker.

Møtet heva 20.15.

Ref. Kjetil Årøen

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 28/10-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Kjetil Standal (for Jorunn Austreheim)
Geir Hole

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste. Det vart bedt om at det vert ført inn i møteboka endringa styret gjorde i gebyrframlegget i høve til administrasjonen sitt framlegg. Vidare korleis styret finansierte auka låneramme (reducere renta). Styreleiar bad om å få handsame diverse saker først, men desse vert refferert til slutt under «Ymse». Det vart ytra ynskje om å få saker som skal handsamast utsendt før møtet og at desse inneheld framlegg til vedtak. Administrasjonen vert bedt om å merke seg dette.

Sak nr. 25/96: Sorteringsanlegg

Styret har tidlegare fått presentert ei skisse og eit overslag over kostnader for dette prosjektet. Driftsleiar synte ein kort video frå ein studierunde i veke 42. Styret drøfta prinsipielle løysingar, og ynskde at driftsleiar arbeidde vidare med prosjektet utfrå det som er skissert.

VØR har motteke tre tilbod på prosjektering av hallen. Desse tilboda vart presenterte, og summan er som fylgjer:

Anders Digernes AS	RS. 90.500,- eks mva
Timepris prosjektering:	375,- eks mva.
Timepris byggeleing:	375,- (ikkje mva. pliktig)

Prisane er inkl. køyregodtgjering.

Ose Ingeniørkontor AS	RS 79.500,- eks mva
Timepris prosjektering:	350,- eks mva.
Timepris byggeleing:	350,- eks. mva

Tilbudet føreset at terengprofilar er tilgjengeleg og at byggherre syter for innsending av byggemelding og søknad til Arbeidstilsynet samt formell kontakt med offentlege instansar.

Per Mulvik AS	RS 21.500 eks.mva
Timepris prosjektering:	340,- eks mva.
Timepris byggeleing:	340,- eks. mva

(Kjetil Standal var ugild i vidare handsaming av saka).

Styret gjekk igjennom tilboda, samt tilbodsinnbydinga, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR godtek tilbod frå Per Mulvik AS av 4.10.96 på RS kr. 21.500,- eks. mva. for prosjektering av sorteringshall.

Som nummer to vel styret firma Ose Ingeniørkontor AS for kr. 79.500,- eks mva.

Byggeleiing vert å lyse ut på eige anbod.

Sak nr 26/96: Ymse

Vedtak mot ei røyst (Kjetil Standal):

Styret i VØR vedtek å delta på stiftinga av eit avfallsforum for Møre og Romsdal. VØR dekker også kommunane sin andel for deltaking.

Samrøystes vedtak:

Styret i VØR finn det ikkje fornuftig å sette av midlar til å reparere R2 (ekstrabilen). Bilen kan lysast ut for sal.

Samrøystes vedtak:

Styret i VØR sender fylgjande deltakarar til avfallskonferansen i Geirager:

**Ove Lid
Ingrid Opedal
Gunn Velle
Kjetil Årøen**

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 10/9-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Jorunn Austreheim
Geir Hole

Kjetil Årøen.

I tillegg møtte Ragnhild Garshol og Øystein Habostad frå bedriftshelsetenesta.

Styret nytta første del av møtet til vidare drøfting av arbeidsmiljøet i VØR. Styret var samde om snarast å halde eit personalmøte med dei tilsette.

Sak nr 20/96: Overtaking av innleigde tenester

Samrøystes vedtak lyder:

Styret går ikkje inn for innkjøp av vogntog i denne omgang. Styret ynskjer ein gjennomgang av oppgåver og kapasitet før ein tek stilling til om dette er rett satsing.

Sak nr. 21/96: Subsidiering av førarkort / maskinførarbevis.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å tilby dei tilsette (full stilling) som ikkje har sertifikat klasse 2 kurs for å ta dette. VØR dekker arbeidstid inntil 15 dagar og i første omgang heile kostnaden. Den som vert med på kurset betalar attende 50 % av kostnaden etter nærmare avtale. VØR tilbyr opprykk med to lønstrinn for dei som fullfører kurset.

Kjetil Årøen

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 10/10-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Bjørn Øren (for Magnar Lid)
Kjetil Standal (for Jorunn Austreheim)
Geir Hole

Einar Flø
Gunn Velle
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkalling og møtebok.
Styreleiar bad om å få handsame diverse saker først, men desse vert refferert til slutt under «Ymse».

Sak nr. 22/96: Justert 1996-budsjett

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til justert 1996- budsjett.

Sak nr. 23/96: Budsjett 1997

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til budsjett for 1997 med fylgjande endringar:

- 1. Ny post: Dekking av tapt arbeidsforteneste (kr. 30.000,-)**
- 2. Ny post: Lånopptak for «opparbeiding» av tomt (kr. 300.000,-)**

Endringane finasierast ved å redusere stipulert rentebelasning og korte inn renteperioden på «kjøp av kvern».

Sak nr 23/96 forts.:

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 27/8-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid
Jorunn Austreheim

Einar Flø
Kjetil Årøen.

I tillegg møtte Ragnhild Garshol og Øystein Habostad frå bedriftshelsetenesta.

Styret nytta første del av møtet til gjennomgang av rapporten som BHT har utarbeidd i samband med kartlegging av arbeidsmiljøet ved VØR. I tillegg la driftsleiar fram sitt inntrykk av situasjonen. Styret ynskte vidare handsaming av dette, og vil ta saka opp igjen på neste møte.

Sak nr. 16/96: Utviding av grovavfallsdeponiet.

Styret gjorde fylgjande samsrøystes vedtak.

Under førestnad av at det ikkje kjem inn merknader til utvidinga (ref. FM si godkjenning) og at ein finn budsjettmessig dekning, godkjenner styret utvidinga av deponiet.

Sak nr. 17/96: Studietur til Danmark

Samrøystes vedtak:

Styret i VØR vedtek å sende to representantar på studieturen til Danmark. Reisa vert dekt over post 7010 som justerast ved revidering av 1996-budsjettet.

Sak nr. 18/96: Lån til tilsette.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR ynskjer å få utarbeidd retningslinjer for korleis ein skal handsame slike søknader. Styret ynskjer prinsipiell utale frå representantskapet.

Sak nr. 19/96: Anke avgjerd SFT

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR er oppmoda frå eigarkommunene om å anke vedtaket i SFT om å trekke attende innvilga midlar til det anaerobe prosjektet. Styret vedtek med dette å utarbeide eit skriv, og ta saka opp med SFT.

Møtet heva 19.45.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 18/6-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Bjørn Øren (for Magnar Lid)
Geir Hole

Gunnar Wangen
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Møtebok frå forrige møte var ikkje lagt ved sakspapira.

Wangen var invitert til å gå igjennom den sakahandsaminga kommunane planlegg for det anaerobe anlegget.

Wangen sin gjennomgang vart teken først i møtet (sjå under sak 17/96: Ymse)

Sak nr. 12/96: Div. budsjettendringar, gjennomgang av budsjett

Sak nr. 13/96: Informasjon om brev frå Ørsta kommune om forskrifter og klagehandsaming.

Gunnar Wangen gjekk igjennom grunnlaget for det brevet som Ørsta kommune har sendt over til VØR. Ein ber her om uttale frå VØR på dei merknader som kommunen har kome med til det framlegget til nye renovasjonsforskrifter som VØR har utarbeidd.

Styret i VØR gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styret vedtek at VØR deltek i fellesmøte med kommunane der ein går igjennom framlegget til forskrifter og merknader som er komne inn så langt. Målet for møtet må vere å ha eit mest mogleg sams framlegg for utsending til høyring. VØR sender rep.leiar, styreleiar og driftsleiar til møtet.

Sak nr. 14/96: Div. søknader om fritak

Styret stilte spørsmål til Wangen på punkt om bruk, økonomi og måten å rekne ut pris pr. tonn. Styret tok orienteringa til vitande.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 27.06.96 kl. 0930

Desse møtte:

Ove Lid

Ingrid Opedal

Bjørn Øren (vara for Magnar Lid)

Geir Hole

Kjetil Standal (vara for Jorunn Austrheim)

Einar Flø. (førte også møteboka.)

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Sak. nr. 15/96: Personalsak, B-sak

Styreleiar Ove Lid kom med framlegg om korleis saka burde handsamast i styret. Ingen hadde merk- nader til framlegget.

Vedtak i sak nr. 15/96: Personalsak, B-sak.

1. Styret i VØR har ansvaret for at avfallshandsaminga skjer på ein forsvarleg måte i høve lover og forskrifter.
2. Driftsleiar har i fylgje instruks hovedansvaret for at VØR blir drive i tråd med lover, forskrifter og vedtak i styre og representantskap.
3. Oppsynsmann med delegert ansvar for grov- og spesialavfall, har eit spesielt ansvar for hand- saminga av dette avfallet. Styret meiner at denne handsaminga i fleire høve ikkje har vore god nok, og minner oppsynsmannen på at handsaminga skal skje i fylgje dei lover, forskrifter og pålegg som gjeld. Oppsynsmannen må også gi attendemelding til driftsleiar/styre dersom manglande tilrettelegging, opplagring, bemanning eller liknande kan vere årsaka til manglande oppfylgjing.
4. Styret ser likevel at interne tilhøve som bedriftkultur, psykososialt arbeidsmiljø og manglande rutiner kan vere medverkande årsak til problema som har oppstått. Dette vil styret gripe fatt i og arbeide vidare med når rapporten frå bedriftshelsetenesta ligg føre.

Møte heva kl. 1300

Hovdebygda 27.06.96

Einar Flø, ref.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR mandag 15/4-96 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Bjørn Øren (for Magnar Lid)
Kjetil Standal (vara for Jorun Austreheim)

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, eller møtebok frå forrige møte.

Sak nr. 09/96: Anaerobt handsamingsanlegg.

Saka vart drøfta i gjennom på nytt, punkt for punkt. Einar Flø gjekk gjennom den anaerobe løysinga punkt for punkt, og desse vart kommentert frå ymse medlemmer. Styreleiar og driftsleiar orienterte og svarte på spørsmål.

Endeleg konklusjon av debatten vart at ein ikkje stansar saka overfor kommunane og avventar kommunane si handsaming om anlegget.

Styret vart «dimmintert» kl. 20.00

Ref.
Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 14/5-96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Ingrid Opedal
Magnar Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Møtebok frå forrige møte var ikkje lagt ved sakspapira.

Sak nr. 10/96: Budsjett og årsmelding for 1995

Styret gjekk igjennom budsjett og rekneskap for 1995, og hadde ikkje spesielle merknader til tala som vart presenterte. Framlegget til årsmelding vart lesen igjennom, og styret ynskte avsnittet frå driftsleiar endra. Med dette vart fylgjande samrøystes vedtak gjordt:

Styret i VØR godkjenner rekneskapet og årsmeldinga for 1995. Styret rår representantskapet å gjere likelydande vedtak.

Sak nr. 11/96: Ymse

Det vart vedteke å utvide to stillingar i VØR:

Frode Berge får utvida si stilling frå 66% til 100%
Alex Heltne får 20 % fast stilling i VØR

Bakgrunnen for vedtaket er at denne auken skal gå inn og dekke opp noko av sjukefråværet i VØR.

Det vart gitt ei orientering frå driftsleiar om personalstoda i VØR. Styret drøfta ulike moment som kom fram i orienteringa.

Vidare vart det lagt fram ei sak som gjeld støtte til veg over Standalseidet. Styret såg seg ikkje syn med å gå inn med midlar her.

Møtet heva kl. 21.30

desse spørsmåla avklara med styreleiar. Det vart presisert at det i dette tilfelle vart trykt eit INTERNT NOTAT stila til ordføraren, og Møre-Nytt vedgår at det i denne spesielle saka skjedde ein glipp.

Det vart ytra frå enkelte av styremedlemmene at dei ikkje følte problemet slik Flø la det fram.

Det vart konkludert med at det vert sett av tid i styremøta for å gå igjennom ny informasjon, vedtak og skriv som kan ha innverknad på drifta av VØR.

Tillegg til møtebok:

Eg vil nemne her at i samtalen med Møre- Nytt vart opplyst at argumentasjon som at «saka skal ikkje på trykk før t.d. styre eller rep. skap er orienterte», ikkje vert respektert får avisa; «slik haldning held ikkje i 1996..., ein må finne seg i å få det meste av informasjonen gjennom massemedia.» Dersom dei kjem over interne notat, vil dei normalt ta kontakt med avsendar før det går til trykking.

Sak nr. 06/96: Lønsplassing, førstesekretær

Bakgrunnen for saka var eit brev frå Gunn Velle der ho synte til tidlegare vedtak i tilsettingssaka hennar.

Styret drøfta dette, og gjorde fylgjande samrøystse vedtak:

Styret vedtek å plassere førstesekretær-stillinga i lønsramme 7.3, og gi Gunn Velle l.tr. 21.

Ein gjer merksam på at det ikkje vert gitt opprykk ved runda 4 års ansiennitet, og at stillinga deretter fyl «normal stige».

Sak nr. 07/96: Utsendingar til avfallskonferanse

Styret gjorde fylgjande vedtak i saka:

VØR sender leiarane i representantskap og styre, samt driftsleiar til avfallskonferansen i Kristiansand.

Sak. nr 08/96: Ymse

Under Ymse, vart m.a. desse sakene handsama:

Søknader om fritak:

Fylgjande søknader vart handsama, og samrøystes vedtak lyder:

Vigdis Egset (for Ingebjørg Egset sitt dødsbo) : Avslag, huset var nytta 2. halvår 1995.

Bergljot Melsæter Worren: Avslag, huset inneheld to bueingr og har leigeareal over 150 m2.

Paul Sætreås (for Alf Sætreås): Avslag, sjølvstendig hus som er i bruk.

Ivar Skare: Medhald, bueing nr. to står tom.

Roger Anthonsen: Avslag, når ikkje opp i seks mnd. i 1996.

Rasmuss Kvangardsnes: Avslag, sjølvstendig hus som er i bruk.

Oddvin Bjerkvik (for Olav Berkvik): Avslag, sjølvstendig hus som er i bruk.

Olav Hunnes: Avslag, tvungen renovasjon.

Olav Ullaland: Avslag, tvungen renovasjon.

Driftsleiar referete så ein del meldingar og skriv.

Møtet heva 17.00

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK 1996

VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 23/1- 96 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid

Ingrid Opedal

Geir Hole

Jorunn Austreheim

Bjørn Øren (vara for Magnar Lid)

Einar Flø

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling, møtebok og sakliste.

Sak nr. 01/96: Omlasting av papir

Driftsleiar orienterte om mogleg løysing på omlasting av papir.

Styret sa seg samd i at det vart arbeidd vidare med planen, men ein må sjå dette i ein større samanheng (i samband med grovavfallsortering og anaerob).

Styret tok orienteringa til vitande.

Sak nr. 02/96: Ymse

Ein tok opp til drøfting eit tidlegare vedtak om korleis honorere bruk av eigen bil på anlegg. Styret var samde om at ein yt 3,50 pr. km.

Møtet heva kl. 17.30 og gjekk over i eit fellelmøte mellom styre og representantskapet i VØR.

Det var her drøfta ein del generelt når det gjeld forholdet mellom eigarkommunane og VØR. Konklusjonen av møtet vart at ein må prøve å betre informasjonsflyten til kommunane, og at ein må få avsett tid i kommunestyra.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 27/2-96 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Grete Botn (vara for Ingrid Opedal)
Magnar Lid
Geir Hole
Kjetil Standal (vara for Jorun Austreheim)

Einar Flø
Kjetil Årøen.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, eller møtebok frå forrige møte.

Sak nr. 03/96: Informasjon til kommuane

Styret fekk presentert ein disposisjon til opplegget av informasjonen. Det var få kommentarar til oppsettet, men presisert at ein må få fram «minstekrav» som er sette frå sentralt hald, og sette dette opp mot ambisjonsnivået i VØR. Vidare bør ein presentere ei oversikt over kvar kostnadane ligg i systemet.

Sak nr. 04/96: Drøfting om «framdrift» på løysing for grovavfallet

Styret fekk ei orientering frå leiar i representantskapet, der han kritiserte framdrifta i arbeidet med nye løysingar på grovavfallet.

Driftsleiar orienterte om kva som er gjort og presenterte også moglege løysingar på ein sorteringsstasjon på anlegget til VØR.

Styret tok orienteringa til vitande.

Sak nr. 05/96: Drøfting om sakshandsamingsrutiner i VØR

Leiar i Representantskapet kom med ei skriftleg utgreiing med kritikk til driftsleiar. Dette gjekk på saker som dukkar opp i Møre-Nytt «eller vert kjende på annan måte» og som burde ha vore handsama i styre og rep. skap. Vidare vert det kritisert manglande dokumentasjon på påstandar frå driftsleiar om t.d. framtidige påbod og lover. Skrivet frå Flø nemner to saker spesielt : brev som er sende til Ørsta kommune om grovavfall / deponi, og avfallsplan.

Driftsleiar meinte at det i eit arbeid med t.d. utgreiing av nytt deponi for grovavfall måtte vere høve til å ta kontakt med fagetatar i kommunen, i dette høve landbrukskontoret. At desse breva kjem på trykk i lokal presse, styrer ikkje driftsleiar. Når det gjeld eit intern notat til kommunen som omhandla ein del generelle spørsmål til eit møte vi hadde på Viking, så var